



MAKOMP

- eit kompetanseprosjekt av MAFOSS

I samarbeid med Møre og Romsdal Fylkeskommune og Sparebanken Møre

Personvernerklæring

Innleiing

Denne personvernerklæringa er utarbeidd for at du skal få den informasjonen vi er pålagt å gi deg, og som er nødvendig for at du skal kunne utøve dine rettar etter gjeldande personvernlovgiving.

Opplysningar som vert lagra om deg i register hos MAFOSS vil verte samla inn frå din arbeidsgjevar. (Det er difor Personopplysningsloven art. 14 som gir reglar om kva informasjon som skal gis til deg om behandlinga av personopplysningar.)

Kva type opplysningar om deg som vil bli registrert i registeret

For å kunne utføre oppgåva med å gi oversikt over kva arbeidskraft det er mogeleg å leige frå andre produksjonsbedrifter i prosjektet, har MAFOSS behov for opplysningar om:

- Kva bedrift du er tilsett i
- informasjon om kva slags kompetanse du har: stilling, utdanning, kurs, sertifikat og arbeidserfaring
- ditt tilsettnummer hos din arbeidsgjevar
- innanfor kva kommunar du er villig til å la deg leige ut

Namnet ditt vil ikkje verte registrert i registeret som MAFOSS skal etablere og administrere. I personopplysningslova gjeld eit prinsipp om å ikkje behandle fleire personopplysningar enn det som er naudsynt for føremålet («dataminimering»). Du vert difor registrert med ditt tilsettnummer hos din arbeidsgjevar i staden for med namn. Tilsettnummeret vert berre registrert slik at din arbeidsgjevar enkelt kan knyte kompetanseprofilen til riktig person når ei innleigebedrift ynskjer å leige bestemte kompetanseprofilar. Namnet ditt vil difor fyst delast direkte frå din arbeidsgjevar til innleigebedrifta dersom avtale vert inngått.

Behandlingsansvarleg og databehandlar

Din arbeidsgjevar er å sjå som behandlingsansvarleg for opplysningane som vert behandla om sine egne tilsette. MAFOSS vil vere databehandlar på vegne av din arbeidsgjevar.

Du har sjølv kontaktinformasjon til din arbeidsgjevar. Kontaktinformasjon til MAKOMP/MAFOSS: Jannike Tuvik Skarbø, mob: 413 23 176, mail: jannike@mafoss.no

Føremålet med behandlinga av personopplysningar

Føremålet med behandlinga av personopplysningar er å leggje til rette for utleige/innleige mellom produksjonsbedrifter i periodar der nokre av disse bedriftene opplever midlertidig arbeidsmangel medan andre treng å leige inn ekstra arbeidskraft.

Målsetjinga er at dette skal trygge arbeidsplassar, verne om- og utvikle tilsette sin kompetanse og å styrke bedriftene si konkurransekraft gjennom betre tilgang til fagressursar. Slik innleige mellom produksjonsbedriftene vil også i tilfelle redusere behovet for å leige inn frå bemanningsselskap, slik noverande Regjering har lagt opp til er ynskjeleg. I periodar med midlertidig arbeidsmangel vil ofte permitteringar og/eller nedbemanning måtte vurderast. Føremålet med å etablere registeret og behandlinga av personopplysningane er difor også å førebyggje risikoen for permitteringar og nedbemanning ved midlertidig arbeidsmangel.

Dine opplysningar vert ikkje brukt eller delt til andre formål utan ditt samtykke.

Behandlingsgrunnlag – berettiga interesser – interesseavveging

Behandlingsgrunnlaget er Personopplysningsloven art. 6 nr. 1 f der det går fram at eit lovleg grunnlag for å behandle personopplysningane er dersom behandlinga er naudsynt for føremål knytt

til dei berettiga interessene ved behandlinga, og omsynet til den registrerte sine interesser ikkje veg tyngre og difor må gå føre etter ei interesseavveging.

Registreringa vil medføre auka sjanse for at ei anna bedrift ynskjer å leige deg inn i ei periode der din arbeidsgjevar har midlertidig arbeidsmangel og kanskje må vurdere permitteringar eller kanskje også nedbemanning. I ein slik situasjon legg vi til grunn at det er ein fordel for deg å ha auka sjanse for å bli utleigd og dermed også redusert risiko for å bli permittert eller nedbemanna.

Samtykke er difor ikkje behandlingsgrunnlag i dette tilfellet, men vi ynskjer likevel å innhente din aksept gjennom samarbeidsavtala for tilsette, då det gjev deg mogelegheit til å reservere deg mot å bli registrert for utleige dersom du ikkje ynskjer dette. Vi vurderer det slik at dette er eigna til å gjere behandlinga meir personvernvennleg/mindre «inngripande». Opplysningane om deg vil bli lagra i samsvar med gjeldande krav til informasjonssikkerheit.

Retten til å protestere

Sidan vi behandlar opplysningar om deg basert på eit rettsleg grunnlag der det inngår ei interesseavveging, har du rett til å protestere på vår behandling av opplysningar om deg.

Lagringstid

Opplysningane om deg i registeret vil bli lagra for den kortaste av dei fylgjande tidsperiodane:

- Prosjektets varigheit (sluttdato er så langt ikkje fastsett)
- Fram til avslutning av ditt noverande arbeidsforhold; eller
- Ei maksimal periode på 3 år rekna frå 01.09.2022.

Innsyn, retting, sletting

Du kan be om ein kopi av alle opplysningar vi behandlar om deg og kven disse opplysningane er delt med/kven som har innsyn. Du har rett til å få uriktige eller misvisande personopplysningar om deg retta eller supplert. Du har rett til å få sletta registrerte opplysningar om deg dersom du ynskjer det. Dette gjer du ved å ta kontakt med behandlingsansvarleg som er din arbeidsgjevar.

Kvar dei registrerte opplysningane stammar frå

Opplysningane som er registrert i registeret er overført til MAFOSS frå din arbeidsgjevar.

Mottakarar av opplysningane

Det vil berre være konkrete tilsette i MAFOSS som har tilgang til å søke eller sjå i registeret. Bedrifter som er med i prosjektet kan imidlertid kontakte MAFOSS dersom dei ynskjer å leige inn arbeidskraft. Etter å ha lagt fram informasjon om kva type arbeidskraft dei er interesserte i å leige inn, kan tilsett(e) i MAFOSS med tilgang til registeret, søkje opp og gje informasjon om denne kompetansen er tilgjengeleg, og kva verksemder som eventuelt har slik etterspurd arbeidskraft til utleige. MAFOSS si rolle stopper med dette, og vidare kontakt vil gå direkte mellom potensiell innleiger og utleiger.

Overføring

Dine personopplysningar vil ikkje verte overført til nokon såkalla «tredjestat».

Du kan klage på vår behandling av personopplysningar

Vi håpar du vil seie ifrå dersom du meiner vi ikkje overheld reglane i personopplysningsloven. Ta i tilfelle kontakt med oss. Du kan også kontakte din arbeidsgjevar (og eventuelt personvernombodet dersom din arbeidsgjevar har det) for å søke råd og vegleiing.

Du kan også klage over vår behandling av personopplysningar til Datatilsynet.

Du har krav på svar utan ugrunna opphald, og seinast innan ein månad.

Stad, dato:

_____ (signatur)

Namn: